

NATUR OG KULTUR

Telemarkskanalen



Foto: Skodde Studio

(NORSJØ-BANDAKKANALEN) Telemarkskanalen vart fullført i 1892 og har 18 sluser, som lyfter dei sjøfarande frå 0 til 72 m.o.h. på den 105 km lange strekninga mellom Skien og Dalen. Ved å reise langs dette vassdraget får du oppleve ein allsidig natur – frå innlandsfjord med bratte fjellveggar, til kultur-landskap med frodige enger, og ikkje minst sluser hogd i stein. "MS Victoria" og "MS Henrik Ibsen" går i rutetrafikk mellom Dalen og Skien frå mai til september. På Lastein Bryggje finn du bryggjekafé, utstilling og gjestebryggje. Friområde med badeplass.

NATUR OG KULTUR

Soria Moria



Foto: Dag Jenssen

SORIA MORIA er eit kunstverk av ei badstoge – blinkande som eit smykke i Bandak! Inspirasjonen til badstoga er henta fra omkringliggende landskap og historie. Bygget sin karakteristiske silhuett er ei tolkning av dei skrånande fjellsidene som forsvinn ned i Bandak. Kledningen av spon er inspirert av lokal byggjeskikk og innimellom trespona blinker det av gull. Gullsponen dreg linjer til segn og soger og lokal forteljartradisjon; til det mystiske og underlege. Og skulle ein bli for varm, vil ein dukkert i Bandak garantert vere avkjølende!

Layout: Nina Akerstveit, trykk: Erik Tønche Nilssen as



www.vandretelemark.no
www.visitdalen.com

Ansvarleg utgivar er VTNU AS og Tokke kommune med støtte frå Vestfold Telemark Fylkeskommune.



3 KM TILRETTELAGT TURSTIG, DELVIS GANG- OG SYKKELVEG / 1 – 1,5 TIME SVÆRT LETT TUR ➔



Dalen – Telemark

TURMÅL **Bufjordstigen**

TEMA **Langs Telemarkskanalen**



Foto: Luke Tennant

KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?

I BANDAK OG TOKKEÅI vert det kvart år teke mang ein stauraure. Turistkontoret har info om fiske.

Foto: Yngve Ask

BEVEREN byggjer hus i Tokkeåi. Gå stille, så ser du kanskje ingeniøren i arbeid.

Foto: Jørgen Kasin

DET HAR VORE Marken på Dalen i over 150 år.

Litografi av Harald Kihle.

DALEN HOTEL: "– det mest storslåtte av dem alle –" (Norges Kunsthistorie, bind V). Få innsyn til og les meir om dette praktbygget langs turvegen. Foto: Luke Tennant



Om turen

LETT TUR med kultur, historie og fiske.

Turen startar på Lastein (Dalen) Bryggje – Lastein tyder å legge stein i la. Her var utskipingsplass for den kjende brynesteinen frå Eidsborg, Noregs eldste eksportartikkel. Du passerar ei fin badestrand og går vidare over Eidsborgbekken. Turen går no forbi Tangane, eit viktig friluftsområde med idyllisk furuskog. Her får du innsyn til Dalen Hotel frå hagen og badstoga Soria Moria som blinkar mot deg som eit smykke i Bandak!

Tokkeåi kryssar du via ein "hoppeterskel" i stein.

På Buøy fyljer du natursti gjennom ein fascinerande "jungel" der ein fleire stader kjem ned til elva med fine fiskeplassar og ei rikholdig beverstamme.

Turen går attende gjennom Dalen sentrum, med ei intim handlegate, blomstertorg, butikkar, kafétilbod og Tokke kommunehus med skulpturar av Anne Grimdalen og Charles Michalsen og kommunestyresal kledd i brynestein.

Turen er delvis universelt utforma.

Køyreforklaring

Turvegen startar ved Dalen Bryggje. Om du kjem langs E-134 frå aust; ta av i Høydalsmo og følg Fv45/Fv450 til Dalen. Dalen Bryggje ligg på venstre hand, i det du kjem ned Eidsborgberget.

Frå Vrådal og Åmot langs Fv38 til Dalen. Kjør forbi innkjøring til Dalen sentrum, og du får Dalen Bryggje på høgre hand etter 1 km.



Parkering ved Dalen Bryggje.

Les meir: Naturstigplakatane på Buøy er å få på fleire språk. Kontakt turistkontoret, www.visitdalen.com

Spesielle førehandsreglar: Gå stille, om du vil sjå dyreliv.



Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs.
Ta omsyn til naturen og beitande dyr.
Gjer vel å ta med søppel heim. God tur!



Turkart:
Tokke 1 : 50 000

Kart: AT plan.
Kjelde: Statens kartverk,
Geovekst og kommuner

Totale høgdemeter: 0
Skotøy: valfritt



Tilgang: april til oktober
Høgste punkt:
Dalen 75 moh



For oversikt over vandrer-
vennleg overnatting, sjå
www.vandretelemark.no

Målestokk 1 : 50 000

Ekvidistanse 20m

--- = merkt sommarløype -.-.- = alternativ rute ved stor vassføring



Foto: Dag Jensen